

Sel SV

Referat frå styremøte 19.1.

Referat frå styremøtet i Sel SV, tysdag 19.01.2021 på Parken grill-og cafebar.

Tilstede på møtet var Gerd Galgerud, Kjell Madsen, Truls Gjefsen, Anne-Brit Bismo og Inga Marie Norderhus (ref)
Forfall: Knut Bakken, Marit Klinkenberg og Marcia Skueland.

Saker

01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste. Vedtak: Godkjend

02/21 Godkjenning av møtereferat frå førre møte. Vedtak: Godkjend

03/21 Referat saker;

- a) Truls refererte frå kommunestyret. Budsjetta må vera i balanse om ein kjem med endrings forslag. AP og SV vil at Ungdomsskolen i Heidal held fram og det vert ikkje privatisering av vegar. Dei andre partia var og samde i dette. Med den koronakompensasjonen som er forventa, vil budsjettet vera i balanse,
- b) referenten orienterte om at valkomiteen er igang til årsmøtet i Innlandet SV. Kom med forslag.

04/21 Årsmøtet 31.01.2021(Kl 17.00 på Aktivitetshuset)

Vi gjekk gjennom: Årsmelding, arbeidsplan og budsjett, Alle hadde ordet i diskusjonen.

Vedtak; arbeidsplan og budsjett vart godkjent av styret til å leggje fram for årsmøtet. Vi godkjente og det som er skrivi i årsmeldinga, men Truls skal skrive tillegg frå kommunestyret. (I skrivande stund er det kome og referenten synest det ser greit ut)

05/21 Vedtekter:

Vi har diskutert dette ved fleire høve og har konkludert med at vi brukar kapittel 4, Vedtekter for lokallaga i vedtektene frå sentralt hald.

Vedtak; Det nye styret kan sjå på vedtektene som kan vera endra på Landsmøte 2020.

06/21 Nettside, **Vedtak:** Truls sender bilete og om det er naudsynt kan han be sekretær Elisabeth endre nettsida,

07/21 Nominasjonsmøtet 23.januar (digitalt) Truls og Marcia er våre delegater til det møtet.

08/21 Årsmøtet, Innlandet SV, 6.og 7. mars. Anne-Brit orienterte om årsmøtet og vi tek dette opp på neste styremøte.

09/21 Likeverd og mangfald, Anne-Brit orienterte om arbeidet ho er med i.

10/21 Rapportering SSB. Vi drøfta reglane og vart mellom anna samde om at vi held fram som før fordi vi ikkje har andre inntekter enn medlemskontigent og offentleg støtte.

11/21 Skiløyper på Mysusetet. Truls orienterte om saka og SV får støtte, fordi vi har teke klart standpunkt i den saka. SV vil ha løypenettet som det er.

Styremøte i Sel SV 19. januar

Innlandet SV – Sosialistisk Venstreparti

sv.no/innlandet/sel

12/21 Skatteparadis. Vedtak: Sør-Varaanger kommune har eit historisk vedtak om skatteparadis som Truls tek opp i kommunestyret.

13/21 Lokallagsundersøking (om arbeidet vårt i 2020) Vi går gjennom den og Anne-Brit sender inn resultatet.

14/21 Møteplan, Vårhalvåret 2021; Styremøter; 9. februar, 16.mars, 1.juni og medlemsmøte 4.mai.

15/21 Eventuelt

Kva gjer vi med 8. mars? SV sitt forslag er at vi utsett det vi har planlagt til 2022. Anne-Brit sender melding til dei andre,